

MØTEBOK FJORD KONTROLLUTVAL

Møtedato: 07. september 2020

Møtestad: Rådhuset i Fjord kommune, Valldalen, kl. 10.00

Møtet vart leia av: Solveig Linge Stakkestad

Elles til stades: Gudmund Relling og Nina Grøndahl.

Meldt forfall: Jonas Falch og Tanja Mathisen. Vara for desse hadde ikkje høve til å delta.

= **3 voterande**

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjend.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Møre og Romsdal Revisjon SA møtte forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Ordfører Eva Hove deltok på møtet. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Karl Andre Birkhol.

Sak 18/20 Godkjenning av møtebok frå møte 8. juni 2020

Sakspapir frå sekretariatet datert 31. august 2020.

Kontrollutvalet ønskjer at det notatet som var delt ut frå assisterande rådmann kring om disponering av dyrka jord følgjer møteboka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå 08. juni 2020.

Sak 19/20 Plan for forvaltningsrevisjon Fjord kommune

Sakspapir frå sekretariatet datert 31. august 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Innstilling til Fjord kommunestyre:

1. Fjord kommunestyre godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgende prioriterte fokusområde:

1. Psykisk helse og rus
2. Barnevern
3. Kommunal næringsutvikling

2. Fjord kommunestyre gir kontrollutvalet mynde til å foreta endringer av planen i perioden hvis det er naudsynt.

Sak 20/20 Forslag til reglement Fjord kontrollutval 2020 - 2023

Sakspapir frå sekretariatet datert 31. august 2020.

Innstilling frå sekretariatet:

Fjord kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

Nestleiar av kontrollutvalet Solveig Linge Stakkestad fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande endringsforslag:

Punkt 5.2, andre avsnitt, fyrste setning i reglementet skal lyde:

Utvalet sin leiar eller den leiaren peikar ut skal syte for at møteretten vert nytta.

Endringsforslaget blei samrøystes vedtatt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Innstilling til Fjord kommunestyre:

Fjord kommunestyre vedtar kontrollutvalet sitt forslag til reglement for perioden 2020 – 2023.

Sak 21/20 Budsjett 2021 Fjord kontrollutval

Sakspapir frå sekretariatet datert 31. august 2020.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,-.
2. Fjord kommune sine kostnader til kjøp av revisjonstenester frå Møre og Romsdal Revisjon SA vurderast til kr 600.000,-.
3. Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2021, men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr. Forskrift om kontrollutval i kommunar, § 2 budsjettbehandlinga.

Eventuelt:

Kommunedirektør Karl Andre Birkhol ga kontrollutvalet ei oppdatering på arbeidet med økonomisk omstilling i kommunen. Medlemmane fekk høve til å stille spørsmål og diskutere fleire av dei føreslegne tiltaka.

Møtet var slutt kl. 11.50.

Solveig Linge Stakkestad
Nestleiar
(sign.)

Gudmund Relling
Medlem
(sign.)

Nina Grøndahl
Medlem
(sign.)